

Vest-Telemark Kraftlag Nett AS

Nøytralitetsrapport 2021

Nøytralitet for eit nettselskap inneber at nettverksemda ikkje skal påverke konkurranseforholda mellom kraftleverandørane i marknaden.

Som eit nettselskap er Vest-Telemark Kraftlag Nett AS omfatta av krav til selskapsmessig skilje etter energiloven § 4-6, og skal offentleggjere ein årleg nøytralitetsrapport innan tre månadar etter årsskiftet. Rapporten skal vera lett tilgjengeleg på selskapets nettsider i minst fem år og eventuelle endringar skal merkast på ein tydeleg måte.

Punkta nedanfor fyljer krava til nøytralitetsrapport som er spesifisert i Forskrift om måling, avrekning, fakturering av nettenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv §8-1b.

1. Beskrivelse av det integrerte foretakets struktur og kva for ei konkurranseutsett verksemd som drivast i tillegg til nettverksemd.

Vest-Telemark Kraftlag Nett AS (VTK Nett) er eit heileigd dotterselskap av Vest-Telemark Kraftlag Holding AS (VTK Holding). Selskapet er organisert med forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune, og ei avdeling i Treungen i Nissedal kommune.

Føremålet med selskapet er å bygge og drive anlegg for kraftoverføring på bakgrunn av konsesjonar gjevne av NVE og i samsvar med dei omfattande lovar og forskrifter som gjeld innom dette området. VTK Nett sitt konsesjonsområde dekker eigarkommunane til konsernet med unntak av Fjågesund i Kviteseid, Felle i Nissedal og Rauland i Vinje. Området utgjer omlag 40% av Telemark fylkes areal.

VTK Nett sine aktivitetar er nettverksemd (regionalnett og distribusjonsnett), sal av kraft på leveringsplikt og arbeid for andre.

2. Beskrivelse av eigarskap til nettselskapet og eventuelle eigarandelar nettselskapet har i andre selskap.

VTK Nett AS er som nemnd eit heileigd dotterselskap av VTK Holding AS. VTK Holding AS er eigd av kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Nissedal eig 5 %, og dei andre 19 % kvar.

Føremålet med VTK-konsernet er å bygge og drive anlegg for kraftproduksjon, kraftoverføring og breiband, samt drive med kraftsal og levere administrative og kunderetta tenestar. Alle 3 selskapa i konsernet har forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune.

Konsernet består av selskap som vist på organisasjonskartet nedanfor.



3. Beskrivelse av type beslutningar der det er spesielt viktig å sjå til at krav til nøytral oppførsel blir overhalde.

Likebehandling: Kunder som tek kontakt med VTK Nett behandlast nøytralt i høve til alle leverandørar og tredjepartar i grensesnitt mellom kunden og selskapet. Kundesenteret har eigen kundedatabase samt eige telefonnummer og mailadresse. All datautveksling mellom VTK Nett og kraftleverandørar foregår via Elhub.

Informasjon/kommunikasjon: Informasjon som kommuniserast til omverden skal vera nøytral. VTK Nett har eigen internettside (nett.vtk.no). Nettsida kan nås frå konsernets internettside, men det er ingen link tilbake frå nettselskapets internettside. Selskapet har også eigen facebookprofil utan referansar til kommersiell del av konsernet.

VTK Nett er i prosess med navn- og logobytte for å skilje selskapet ytterlegare frå konsernets kommersielle verksemd. Ny og oppdatert internettside skal også opprettast etter at navn- og logoendring er på plass.

Konserninterne tenestar: Kjøp av tenestar frå morselskap eller andre selskap i konsernet skal skje i henhold til skriftlege avtaler og krava i energilovgjevinga.

4. Beskrivelse av type informasjon som genererast eller blir motteke av nettselskapet og som kan nyttast i marknaden.

Informasjon som genererast eller blir motteke av nettselskapet nyttast kun til nettrelaterte oppgåver. Personopplysningar som blir motteke i VTK Nett behandlast og lagrast i eige kundesystem, og nyttast

ikkje i andre delar av konsernets verksemd. Alle system som brukast av VTK Nett er tilgangsstyrt og kun tilgjengeleg for ansatte i selskapet og dei som utfører tenestar for selskapet.

5. Oversikt over personar med fleire roller i det integrerte foretaket, der ein av rollene er i nettselskapet. Beskrive moglege interessekonflikter og tiltak for å sikre nøytralitet

Rolle i VTK Nett	Anna rolle i konsernet	Eventuelle tiltak	Navn
Beredskapsleiar	Konsernsjef	Bevisstgjeriing	Ketil Kvaale
Økonomisjef	Fellestenestar konsern	Bevisstgjeriing	Stine Hille
IKT-ansvarleg	Fellestenestar konsern	Bevisstgjeriing	Tor Arne Heggtveit
Avd. leiar	Fellestenestar konsern	Bevisstgjeriing	Tor Arne Heggtveit
Kundeservice	Fellestenestar konsern	Bevisstgjeriing	Hilde Groven
Kundeservice	Fellestenestar konsern	Bevisstgjeriing	Lise Kildahl
Regnskap	Fellestenestar konsern	Bevisstgjeriing	Renate Rabbe
Regnskap	Fellestenestar konsern	Bevisstgjeriing	Mette Skogheim
Lønn	Fellestenestar konsern	Bevisstgjeriing	Ragna Sandvik
Sentralbord	Sentralbord	Bevisstgjeriing	Margit Nordstoga
Styremedlem	Styremedlem VTK H	Bevisstgjeriing	

Sentralbordtenesten nyttast av heile konsernet i tillegg til øvrige selskap som VTK Holding utfører administrative tenester for. Sentralbordløyisinga er sett opp for å overhalde kravet om nøytralitet.

Rekneskaps-, IKT- og kundesenter tenester leigast av VTK Holding. Innleige av rekneskaps- og IKT-tenester vurderast å vera uproblematisk i henhald til gjeldande reglar om selskapsmessig og funksjonelt skilje.

Kundesenteret driftast med kontinuerleg fokus på nøytralitet. Alle nettkunder skal behandlast likt uavhengig av kraftleverandør. Ved henvendelsar om kraftleveransar henvisast det til kundens kraftleverandør. Nettselskapet har eigen kundedatabase og all datautveksling føregår gjennom Elhub.

Alle ressursar som er involvert i konsernets fellestenester er orientert om og bevisst sine forpliktelsar knytt til nøytralitet. Innleige blir fakturert etter gjeldande rutiner for arbeid på tvers av selskap i konsernet.

Styret i VTK Nett sit også i styret i VTK Holding. Styresamansetninga i konsernet er i overensstemmelse med energilovens krav til funksjonelt skilje.

6. Beskrivelse av nøytralitetsansvarleg sin uavhengighet

Selskapets nøytralitetsansvarlege er Stine Hille. Ho er konsernets økonomisjef og sit i selskapets leiargruppe. Ho har ingen økonomiske interesser i nokon av konsernets føretak.

7. Beskrivelse av nettselskapets opplæringsprogram, jf. § 8-1a

Alle medarbeiderar i VTK Nett og konsernets fellestenester blir årleg orientert om nettnøytralitet på allmøter. Nyansatte får også nødvendig opplæring ved oppstart. Ansatte i funksjonar der nøytralitet er særst viktig arbeider med dette løpande gjennom året.

8. Beskrivelse av behov, omfang og type sal av eigen kapasitet, herunder overskotskapasitet, fibertenestar, driftssentraltenestar og beredskapstenestar

VTK Nett er dimensjonert på bakgrunn av beredskapsbehov og eige behov til drift og fornying. Dette gjev i periodar ledig kapasitet som blir leigd ut til fiberaktivitet i Vest-Telemark Kraftlag AS. Selskapet utfører ikkje tenestar for andre utover dette.

9. Dersom nettføretaket har felles driftssentral med integrert produsent eller fjernvarmeføretak, eller sel driftssentraltenestar, beskrive utfordringar og tiltak for å sikre nøytralitet

VTK Nett har ikkje felles driftssentral med integrert produsent eller fjernvarmeføretak, og sel ikkje driftssentraltenestar.

10. Oversikt over utfordringar, tiltak og resultat i konkrete saker frå føregåande år der nøytralitet er tema, herunder klage- og tilsynssaker

Nye reglar om selskapsmessig og funksjonelt skilje innført i 2021, med tilhøyrande omorganisering, har medført til utfordringar mtp nøytralitet for ein relativt liten organisasjon med begrensing i antal funksjonar og ressursar. VTK Nett jobbar heile tida aktivt mot å sikre at krav til nøytralitet og habilitet overhaldast. Alle forretningsmessige prosessar utførast av ansatte i VTK Nett, med unntak av fellestenestar knytt til rekneskap, IKT, og kundesentertenestar som leigast frå VTK Holding.

Det er ikkje motteke klager eller andre henvendelsar vedrørande nøytralitet i løpet av 2021. I mange høve kan det vera krevande for kundar å forstå roller og regleverk rundt nøytralitet, og vi har bruka ein del tid på informasjon rundt dette.